

<b>LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:</b>	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa tekstar av lokale forfattarar</li> <li>• Læra meir om lokale forfattarar frå tidlegare tider, og reflektera over kvifor dei framleis er aktuelle i dag</li> <li>• Lesa ei sjølvvald bok</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa, skriva og snakka om å ta val</li> <li>• Reflektera kring det å ta val</li> <li>• Snakka om utdanning og karriere</li> <li>• Bruka verb i futurum (framtidsform)</li> <li>• Bruka skrivestrategiar</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna faktorisera og forkorta algebraiske uttrykk</li> <li>• Trekkja saman uttrykk med parentesar</li> <li>• Trekkja saman uttrykk med brøk</li> <li>• Kunna multiplisera polynom</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjenna til ulike former for kriminalitet, og kunna beskriva nokre sentrale lovar.</li> <li>• Drøfta årsakar til kriminalitet.</li> <li>• Kunna gjera greie for trekk ved ungdomskriminalitet.</li> <li>• Drøfta konsekvensar kriminalitet kan få for enkeltmenneske, grupper og samfunn.</li> <li>• Drøfta tiltak for å motverka kriminalitet.</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna noko om historia til Saron og Time kyrkje</li> <li>• Kunna seie noko om pietisme</li> <li>• Vita kva som meines med bibelbeltet</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara kva som er meint med forbrenningsreaksjonar, og gje nokre døme på slike reaksjonar</li> <li>• Gjera greie for korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding</li> <li>• Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Repetisjon om å fortelja kva du og andre gjer</li> <li>• Repetisjon om å fortelja kva du og andre skal gjere</li> <li>• Repetisjon om å fortelja kva du og andre har gjort og stadar de har vore.</li> <li>• Meir om folkefestar og tradisjonar i Spania</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruke tysk munnleg og skriftleg</li> <li>• Kunna bøye verb i nåtid og fortid</li> <li>• Kunna snakka, skriva om ver, årstider og feiringar</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka engelsk i munnleg og skriftleg samhandling, tilpassa formål, mottakar og situasjon.</li> <li>• Setja seg inn i forhold i eit engelskspråkleg land</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøkja behov for varer og tenester på skulen og i lokalsamfunnet</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i friidrett</li> <li>• Visa god innsats</li> <li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre</li> </ul>

<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra seg å spela eit instrument i band.</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeida med skisser</li> <li>• Bruka ulike funksjonar innan biletredigeringsprogram</li> <li>• Skjera ut sjablong og trykkje den på kartong</li> <li>• Skriva prosessnotat mens du arbeider</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna forstå og forklara viktige ord som studieførebuande, studiespesialisering, studiekompetanse, yrkesfag, fagprøve, fagbrev, læretid, påbygg, realfag og fagskule.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sporlaus ferdsel</li> <li>• Ta ansvar for deg sjølv og andre. Viktig å kle seg etter veret.</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta symaskinsertifikat</li> <li>• Sy for hand og på maskin</li> <li>• Bestemma seg for fordjuningsoppgåve, og lage ein plan</li> </ul>
<b>Trafikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utforska og gjere seg kjent med trafikken i nærmiljøet og foreslå konkrete trafikksikkerhetstiltak</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordensreglement, klassereglar og klassemiljø</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Strandtur

Me kastar oss rundt og reiser på tur på mandag 2 september sidan det er meldt så fint vær. Det blir ein sykkeltur til stranda på Orre, og denne gongen må alle ordne seg sykkel og hjelm sjølv, skulen har ingen til utlån. Har du ikkje sykkel så spør ein venn eller nabo. Sjekk sykkelen i løpet av helga at den har nok luft, at bremsene virkar og setet er passe høgt, og at hjelmen passer og kan lukkast igjen.

Me startar opp som vanleg 1.time i klasserommet, og så reiser me ca kl 8.30, med retur frå stranda ca kl 12.30. Det blir ulike strandaktivitetar og bading for dei som vil.

Pakkliste:

- Sykkel og hjelm(!) Det er ikkje lov med el-sykkel eller el-moped.
- Vanleg sunn matpakke (ikkje godteri og chips)
- Drikkeflaske med vatn/juice/saft (ikkje brus eller energidrikk)
- Handkle og badetøy om du vil bade

-Solbriller, evt caps og solkrem

-Noko å sitje på

-Klær som du kan vere lett aktiv i

Mobiltelefonen bør ligge att heime denne dagen, men dersom du må ha den med kan ein vaksen passe på den.

### **Utdanningsval**

I veke 39 skal elevane ha utdanningsval (UTV). Elevane skal då bli kjent med eit nytt utdanningsprogram på vidaregåande skule. I løpet av veka skal elevane vera med på turar til universitet og ulike bedriftar og elevane skal arbeida i ein bedrift. Kvar elev har fått ein oversikt over kor dei skal vera til ein kvar tid. Denne oversikten kan ein finna på ON Utdanningsval. Spør elevane om dei har skaffa seg arbeid, og hjelp dei.

### **Snakk med elevane**

Minn elevane om å levera inn mobilen, eller la den vera heime. I tillegg skal elevane vera på skulen sitt område heile skuledagen. Fleire elevar går ut av skuleområdet i matfri, og går truleg ned i butikkane. Skulen har ei flott kantine med god og sunn mat.

### **Foreldremøte**

Det blir foreldremøte 19. september kl 18.00 i aulaen. Meir info kjem etter kvart.

Helsing oss på 10.trinn

### **PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR**

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Samfunnsfag	Kriminalitet	Skriveøkt	Veke 37

### **HEIMEARBEID VEKE 36**

Norsk	Les diktet «Legg ikkje ditt liv i mi hand» av Åse-Marie Nesse som du finn på OneNote. Sei med tre setningar kva som er temaet i diktet.
-------	---

	<b>10A og 10C:</b> Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal til læraren din på fredag.
<b>Engelsk</b>	Les inn teksten The Giver, opplesnadsfunksjonen ligg under oppgåver på teams.
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.108, 1.109 og 1.110 på side 10 i oppgåveboka. Ta bilete av utrekningane dine og legg det inn på ON.
<b>Samfunnsfag</b>	Høyr <a href="#">denne</a> episoden frå politisk kvarter frå 20.08.24. Skriv eit kort samandrag om kva episoden handlar om.
<b>Spansk</b>	Gente ejercicios s. 9-11. Oppgåve 1, 2 og 3. Lim inn bilete av arbeidet på ON -> Heimearbeid
<b>Tysk</b>	ON-Hausaufgaben-Woche 36
<b>Musikk</b>	I musikktimen må du vera påskrudd og jobba hardt om du skal ha framgang. Du kan få tilgang til instrument for øving på eiga hand etter avtale med musikklærar.
<b>Utdanningsval</b>	Sørg for at du har gjort oppgåvane på Teams. På Teams finn du ei oppgåve kvar veke som du skal levere inn. Dersom du ikke har levert inn oppgåvane i veke 34 og 35, må du få gjort det no.
<b>Friluftsliv</b>	Ingen tur denne veka. Alle skal til Orrestranda heile dagen.

<b>HEIMEARBEID VEKE 37</b>	
<b>Norsk</b>	Kan du finna døme på reklame som speler på jærsk identitet, eller idéen om det typisk jærske? Lim inn bilete av annonsa eller nettsida på OneNote <b>10A og 10C:</b> Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal til læraren din på fredag.
<b>Engelsk</b>	Les teksten som ligg under heimearbeid veke 37, og fyll ut tabellen.
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.112, 1.113 og 1.114 på side 11-12 i oppgåveboka. Ta bilete av utrekningane dine og legg det inn på ON.
<b>Samfunnsfag</b>	Les " <a href="#">Kva skjer når loven blir broten?</a> " på aunivers.no.  <b>Oppgåver:</b> Du vel sjølve om du vil gjere oppgåvene skriftleg eller spele inn ei lydfil. Legg svara på OneNote. <ol style="list-style-type: none"> <li>I Noreg er det ikkje lov å dømme nokon til døden uansett kor alvorleg brotsverket er. Kva trur du er dei viktigaste årsakane til at me som samfunn ikkje ønskjer denne forma for straff?</li> <li>Enkelte statar i USA og enkelte land, som Saudi-Arabia, Japan og Kina, tillèt dødsstraff. Kva for nokre argument trur du desse statane eller landa bruker for å forsvara denne straffemetoden?</li> </ol>
<b>Spansk</b>	Øv på minisamtale på torsdag: Du skal fortelja om tre ting du liker og tre ting du ikkje liker på skulen.
<b>Tysk</b>	ON-Hausaufgaben-Woche 37
<b>Musikk</b>	I musikktimen må du vera påskrudd og jobba hardt om du skal ha framgang. Du kan få tilgang til instrument for øving på eiga hand etter avtale med musikklærar.
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sørg for at du har gjort oppgåvane på Teams. På Teams finn du ei oppgåve kvar veke som du skal levere inn.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skaff deg BankID eller MinID om du ikke har det alt. Du treng det for å kunne søke vidaregåande skule. Ikkje vent til seinare. Snakk med føresette om dette.</li></ul>
<b>Friluftsliv</b>	Oppmøte ved parkeringsplassen ved Sivdammen kl. 12.35. Det blir moglegheit for fiske og hauste bær/sopp. Ta gjerne med fiskestang om du har.



**Bryne ungdomsskule**